



Aslaug Eik og Inger Lund frå Omvikdalen i ei dramatisering på årsmøtet i Norges Husmorlag

Det er 2 hovudtema i Kvinnhersminne nummer 16 som no er i sal - dei handlar om husmorlaga og Skorpo. Husmorlaga er eit naturleg tema ved 100-årshøgtida for røysteretten for kvinner. Sunde og Halsnøy var dei fyrste laga av 18. som har kvar si søge sjølv om mangt var likt frå lag til lag. Stordomstida var dei fyrste 10 åra etter krigen. I dei seinare åra har laga vore prega av nedgang og i vårt område er no berre Utåker og Høylandsbygd att.

Ragna Langballe Hjelmeland skriv om særpeget til Langballefamilien som har hatt tilhald på Skorpo sidan 1835.

Den har dansk opphav og vart rekna til overklassen. Ragna skriv også om dramatiske døgn i 1940 då øya hadde stor strategisk betydning på grunn av telefonlinja som gjekk over der.

Årbokredaktør Halvor Medhus har 2 artiklar om Skorpo - dei handlar om romanen Tunet i det blå og forfattaren Herbrand Lavik.

Endelig har Kaare Skaala 2 artiklar om ein krigshelt og ein kvardagshelt. Redaktøren karakteriserer Skaala som ein framifrå forteljar.

Av Ola Matti Mathisen

Kvinnhersminne – årbok XVI

Husmorlaga i Kvinnherad

Minne og litteratur frå Skorpo
Krigshelt og kverdagshelt frå Rosendal



